



Johan Lygre

Bruk 57/5

Lurevegen 1535

06.08.14

Vedrørende mindre grensejusteringar i samband sal av bruk 57/2.

Sett ut frå mitt syn, er det mest teneleg for alle partar om området som ligg i søraustre hjørnet av bruk 57/2, nærare bestemt mellom hovudvegen og hytte på bruk 57/7 vert ein del av sistnemde.

Området er ein del av nedslagsfeltet til hovudvasskjelda på bruk 57/5. Eg er difor redd for kva for verknad det kan ha for vasskvaliteten på bruket mitt, om dette t.d. vert beitemark for husdyr.

I samråd med noverande eigar og framtidig eigar (Lyngheisenteret) og meg er det sett ned stikker, som etter vårt syn er meir tenleg for alla partar.

Johan Lygre

Stiftinga Lyngheisenteret

3

Lindås kommune
Area og Miljø
Landbruk
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Lygra 12.08.2014

Ang. grensejustering i samband med salget av bruk 57/2 på Ytre Lygra

Museumssenteret i Hordaland v/ avdl Lyngheisenteret overtek no bruk nr 57/2 på Ytre Lygra. I sambandet med salet ynskjer både seljar og kjøpar å foreta ei grensejustering mellom bruk 57/2 og bruk 57/7. Kjøpet vil formelt verta ordna i løpet av dei næraste vekene. Vi håpar difor at det er mulig å foreta ei oppmålingsforretning så snart råd er.

Vennleg helsing



Torhild Kvingedal

Dagleg leiar Lyngheisenteret